HAVFORSKNINGSINSTITUTTET
DATO 28.03.17.
SAKSNR 17/2 -
ARKIVNR 324
SAKSBEH

Knut Jarle Bøtveit - 6750 Stadlandet 20/3-2017

TIL FISKERIDIREKTORATET. (Forslag til regulering.)

Har fiska leppefisk frå 2008. Begynte å fiske med 70. stk. teiner, som eg røkta 2. gongar for dag, Lørdag som søndag. Har auka talet på teiner etterkvart til ca: 120. stk.

Eg sorterer fisken etter kvar teine og slepp utatt småfisken der teina stod. Har fiska i Vanylvsfjorden aller åra eg har fiska, og har hatt eit brukbart fiske, dette kan vere at eg har behandla småfisken godt, at bestanden held seg.

For 2, år sidan begynte ein annan båt å fiske her i fjorden, var å prata med han, då hadde han i tankane i båten ca: 1600 stk fisk. Eg spurde han korleis han sorterer fisken, Då svarte han at han slipper utatt fisken der det passar, også midtfjords. Dette kan ikkje vere akseptabelt for bestanden. Dei som fiskar med større båtar, og har ~~liner~~ teiner på liner, har eg store vanskar med å forstå korleis sorteringa foregår.

Då det er ca. 500 stk. båtar som deltek, på ei kvote på ca: 20 000 000 fisk, 2
og fleire båtar kjem til i fiskeriet. Kva skjer då?

Dei som har starta med leppefiske

dei 2. siste åra, burde ikkje ha fått lov å delta i fiskeriet, samstundes som personar som har gått av med pensjon, innan lakse-anlegg begynte å fiske med opptil 30 stk. teiner + 10. krabbeteiner. Og fangsten blir ført på andre personar (skuleungdom) enn dei som fisket. Ting blir då helt feil, rett og slett ulovlig. Då er kontrollen for dårleg.

Vi som har satsa på båter og utstyr og har fiska i 8-9. år må få fortsette å fiske, og ikkje dei som kjem til på grunn av kompis og venskap med dei som driv lakseanlegga.

Eg har fiska frå 70.000 til oppunder 113000 fisk i 2016. For min del er 100 000. fisk OK. Men det må lagast lover slik at det ikkje blir noko kappfiskeri. Eit forslag er: Set ei kvote på kvar båt, tilsvarande det dei fiska i 2016. Blir kvota forlita så ta vekk hobbyfiskarane som ikkje følger lovverket.

200. stk leppeteiner må vere ei grense på kvar båt, fisken skal behandlast og røktas varsomt, den skal sorterast for kvar teine. minimum 1. gong dagleg 7 dagar veke. Då får ein kvalitet næringa spør etter. Ingen er tent med rovfiske.

M.V.H. [signature] 6750. Stadlandet.